



Luster kommune

Ordfører

04.03.2020

Helse Førde
post@helse-forde.no

Arkivsak: 19/2146
Løpenr.: 20/4192
Sakshandsamar:
Ivar Kvalen

Luster kommune klagar på vedtaket om å svekke ambulansetilbodet i kommunen ved å flytte dagbilen til Sogndal.

I styremøte 24.01. i sak 007/2020 vedtok styret i Helse Førde å flytte dagbilen stasjonert i Gaupne til Sogndal. Luster kommune er sterkt mot dette. Råda i kommunen, eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting, og kommunestyret meiner saka er så viktig at vedtaket må påklagast.

Luster kommune bygde i 2010 ein moderne ambulansestasjon etter krav frå Helse Førde, tilpassa 2 bilar og gode fasilitetar for dei tilsette. Me var med dei første og beste med dette i fylket og finn det urimeleg at dette no skal byggjast ned. Med flytting av bilen vert fagmiljøet svekka, kompetanse går tapt og ressursane her lokalt vert dårleg utnytta. At ev gevinst ved flytting skal oppvega dette tvilar me på.

Det er viktig at innbyggjarane opplever ei ambulanseteneste som nær og trygg. Sogneregionen er vidstrakt, og Luster er vidstrakt, med store avstandar. Fjorden deler kommunar og det er lang avstand til sjukehus for store delar av regionen. Regionen får mangedobla befolkningsgrunnlag i feriemånadane og Luster er ein stor reiselivs-kommune. Dette tilseier at sågar dagens beredskap er sårbar. At denne no skal bli ytterlegare svekka skapar uro.

Det er stor uro for at flytting av dagbilen vil gje auka responstid og langt fleire samtidige konflikhtar i høve ambulansetilbodet. For våre innbyggjarar er nærleik til akutthjelp svært viktig og må oppretthaldast.

Luster kommune har og meldt desse synspunkta i høyringsrunden, men ber om at saka vert vurdert på nytt og at varsla prøveperiode ikkje vert gjennomført. Luster kommune er sterkt i mot denne endringa og krev at dagens ordning vert vidareført.

Med helsing

Ivar Kvalen
ordfører
tlf.: 57 68 55 02

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift

Kopi til:

Sogn Avis, Nrk Vestland, Porten.no,
Rådmann, Jarle Skartun
Ass.rådmann, John Olaf Røhme
Helse, Knut Cotta Schönberg

ADRESSE: Rådhuset 6868 GAUPNE	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	-------------------------------	--	---